



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2129 - 15/22512

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
16.12.2015

Godkjenning - tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg i Mjåtveitmarka, gbnr 22/42.

Administrativt vedtak. Saknr: 439/2015

Tiltakshavar: Kvalitetshjem AS

Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS

Saksutgreiing:

Det er i søknad motteke 27.07.2015 søkt om tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg for bustadhus i Mjåtveitmarka – Floghaugane 50, gbnr 22/42. Eigedomen skal knytast til det kommunale avlaupsanlegget i kommunal kum.

Kommunen mottok 15.12.2015 avtale m/kartvedlegg d. 21.10.2015, mellom eigar av gbnr 22/42, 98 og gbnr 22/166 om rett til å leggje stikkleidning frå kommunal kum, over gbnr 22/166 og fram til gbnr 22/42, 98.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Slamavskiljaren skal knytast frå ved tilknytning til kommunalt anlegg.

Vurdering:

Slamavskiljar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at den vert fjerna eller ved at den vert tømde og fylt att med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at gbnr 22/42 vert tilknytta kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad motteke 27.07.2015 og situasjonskart dagsett 21.10. 2015 – motteke i kommunen 15.12.2015 - på følgjande vilkår:

Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.

Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande rørleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret og for kloakk kr 10 000,- pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

22-42 kartvedlegg

Kopi til:

Kvalitetshjem AS	Orrhøyflaten 1	5918	FREKHAUG
------------------	----------------	------	----------

Mottakere:

Hjelmås VVS AS	Leknesvegen 183	5918	FREKHAUG
----------------	-----------------	------	----------

